



■ EU-TRUSEL. – Den kanskje største truselen for vårt kontinent er voksende ekstremisme, hat mot minoritetsgrupper og sosial fragmentering, skriver artikkelforfatterne. Her demonstrerer høyreekstremister i Hamburg, Tyskland. Foto: Thomas Starke, Getty Images/NTB Scanpix

skriver **Andreas Motzfeldt Kravik,**

-debatt

av prosjektet som startet med tysk-fransk forsoning, og som nå omfatter nær hele Europa. Det klareste eksempel er kanskje Balkan, en region som på 1990-tallet var preget av krig og folkemord, og hvor EUs medlemskapskrav har vært avgjørende for rettferdige rettsoppgjør og fremvekst av demokratisk styresett med minoritetsrettigheter.

1. juli ble Kroatia EUs 28. medlemsland. Nabolandene står i kø for medlemskap.

Demokrati og rettsstat er skjøre konsepter som krever stadig vedlikehold. Nød og klassekonflikt gjenreiser raskt velkjente høyreekstreme politiske krefter. I dagens Europa er ekstremisme den kanskje mest alvorlige truselen mot fred og stabilitet. EU er imidlertid en krystallklar og effektiv stemme for uavhengige domstoler, menneskerettigheter og demokrati, med et institusjonelt og overnasjonalt rammeverk som sørger for etterlevelse.

Menneskerettigheter, ytringsfrihet og det åpne samfunn er verdier vår grunnlov bygger på. De kan i vår del av verden bare sikres gjennom fortsatt tett europeisk samarbeid, i Europarådet, Nato og OSSE, men særlig i EU, som er mer forpliktende og har større muskler

økonomisk og rettslig.

Dagens minoritetshat retter seg i stor grad mot de samme gruppene som på 1930-tallet. Folk med en annen kulturell og religiøs bakgrunn: romfolk, jøder og lesbiske, homofile, bifile og transpersoner. I tillegg er dagens ekstremisme stadig mer antiislamistisk og innvandringsfiendtlig. En kan ikke snakke om fred uten fred mellom folkegrupper og mellom folk og myndigheter. Historien har vist at økende sosiale forskjeller og hat mot minoriteter kan utløse store konflikter.

I den sammenheng er overføringene fra rike til fattige EU-stater, for å sikre politisk og økonomisk stabilitet, viktige.

EU står utvilsomt overfor store utfordringer, men som fredsbygger, demokratiskaper og beslutningsorgan har det aldri stått sterkere. Det bør være tankevekkende for de fleste at overskuddsnasjonen Norge, i en tid der alt går vår vei, velger å stå utenfor.

■ *Advokat Astri Aas-Hansen, tidligere stortingsrepresentant Håkon Haugli og Andreas Motzfeldt Kravik, rådgiver i Utenriksdepartementets rettsavdeling. Kronikken gir ikke nødvendigvis uttrykk for departementets syn.*

■ ■ ■ Jonas Gahr Støre og Ap vil selje oljefondets aksjar i selskap som driv med produksjon av kol. Vi veit ikkje korleis tiltaket vil påverke utsleppa av klimagassar, skriv økonomiprofessor **Klaus Mohn.**

Strategi etter innfallsmetoden

INNLEGG Økonomi

Det var nok ikkje berre meg som sette kaffien i halsen tidlegare då Jonas Gahr Støre og Arbeiderpartiet nærmast utan forvarsel sette fram forslag om å droppe aksjar i selskap som driv med produksjon av kol frå referanseporteføljen i Statens Pensjonsfond – Utland (SPU), oljefondet.

«Investeringsstrategien og de etiske retningslinjene for Pensjonsfondet bør i hovedsak ligge fast de kommende årene...», sa finanspolitisk talsmann i Arbeiderpartiet så seint som i august i år under ei overskrift om at «... politikerne bør ligge unna».

Forslaget denne veka representerer dermed ei overraskende og interessant kursendring frå Arbeiderpartiet, som dei siste 15 åra har slått hardt ned på alt som kunne likne på politiske framstøyt mot investeringsstrategien for fondet.

Til dømes viste Arbeiderpartiet lenge atterhald mot innføringa av etiske retningslinjer for fondet for ti år sidan. Motargumenta den gongen var at investeringsstrategien skulle være fri for politiske omsyn, og at etiske retningslinjer ville avgrense investeringsuniverset for fondet, med ein kostnad i form av tapt avkastning.

Det kan finnast gode grunnar for ein gjennomgang av investeringsstrategien. Men konklusjonane bør ikkje trekkast før etter grundig utgreiing. Fondet har blitt større enn dei fleste av oss kunne tenke oss, og det har vakt internasjonal merksemd for profesjonalitet, openheit og gode resultat. Slike kvalitetar har skapt eit omdømme som det er viktig å verne om. Det gjer ein best ved å legge ein fakta- og kunnskapsbasert strategiprosess til grunn for eventuelle justeringer og tiltak, ikkje omvendt.

Om strategi og rammevilkår for oljefondet skal justerast for å fange sideomsyn av meir eller mindre politisk karakter, så er det mange tiltak ein kunne vurdere. Langt framme i køen står ideen om å selje seg ut av alle olje- og energirelaterte aksjar, fordi nordmenn allereie har så mange egg i denne korga.

Og om ein absolutt vil bruke oljefondet til å utøve klimapoli-



NYTT FORSLAG. Jonas Gahr Støre (Ap). Foto: Aleksander Nordahl

tikk, burde ein først undersøke kva som faktisk verkar best.

Offensive tiltak burde til dømes jamførast med defensive tiltak. Investeringar i spesialiserte fond som investerar utelukkande i miljø- og klimateknologi i framvoksende økonomiar (til dømes Kina og India) kunne gjerne ha eit større potensial for å dempe utsleppa av klimagassar enn uttrekk av kolaksjar frå fondet.

” Aller sterkast er nok signaleffekten der verknaden er minst, nemleg i Norge

Korleis uttrekk av kolaksjar frå oljefondet vil påverke produksjonen av kol, er svært uklart. Vidare veit ein ikkje kva eit eventuelt bortfall av kolproduksjon og auke i kolprisen vil medføre av overgang til andre energiberarar, som til dømes olje, naturgass, vasskraft og kjernekraft.

Dermed veit ein heller ikkje korleis tiltaket vil påverke utsleppa av klimagassar. Om alt dette treng ein mykje meir kunnskap før ein kan konkludere, slik Arbeiderpartiet no gjer.

Ei nærliggande hypotese er at sal av kolaksjar i oljefondet kanskje kan sette noko høgare fart på utfasinga av kolproduksjon og kolbasert kraftproduksjon i den vestlege verda. Utfordringa er i så fall at veksten i produksjon og etterspurnad dei neste åra i hovudsak vil komme frå store framvoksende økonomiar som India og Kina. Her er ein nok mindre kjenslevar for investeringsstrategien i oljefondet, i tillegg til at den såkalla signaleffekten er mindre her enn i Vesten.

Aller sterkast er nok signalef-



OVERRASKA. Økonomiprofessor Klaus Mohn.

fekten der verknaden er minst, nemleg i Norge.

Ein slepp ikkje unna politikken, sjølv ikkje i plasseringa av oljeformuen. At politikarane aktivt skal legge rammevilkår for oljefondet sine investeringar er ein sympatisk tanke, som vil sikre at forvaltninga skjer i samsvar med sentrale verdioppfatningar hos hovudeigaren, det vil sei det norske folk.

Utspelet frå Arbeiderpartiet er ei overraskende og interessant vending i denne retninga, og inviterer dermed til ein spennende politisk diskusjon omkring strategi og rammevilkår for oljefondet. Forslaget om å trekke ut kolaksjar fra fondet ser likevel ut som eit skot fra hofta, med manglar i form av grunngeving og utgreiing.

Ein gjennomgang av strategien for fondet bør femne vidare, og før ein konkluderer rundt tiltak bør ein ha klart for seg kva som skal være hovudmålet for fondet, kva som skal være sidemål og rammevilkår, og ikkje minst kva vekt ein skal legge på dei ulike faktorane.

Først då kan ein tilpasse overordna strategi og referanseportefølje for å maksimere avkastninga på eit vis som Stortinget er komfortabel med. Alternativet kan fort bli investeringsstrategi etter innfallsmetoden.

■ *Klaus Mohn, professor, Handelshøgskolen ved Universitetet i Stavanger og professor II, Norges Handelshøyskole*